

Kyrkjevalet 2023



Nr. 7.9.3:

Rettleiing for førehandsstemming med veljar busett i soknet

Gjennomføring

- Veljarane skal kunne velje stemmesetel og gjere endringar i einarom og usett.
- To stemmemottakarar skal vere til stades i lokalet.
- Det skal ikkje kryssast av i manntalet. Dette blir gjort i behandling av førehandsstemmene før valdagen.
- Veljaren kan stemme ved eitt eller to val.
- Dersom veljaren berre vil stemme ved eitt val, kan vedkomande ikkje kome tilbake seinare og stemme ved det andre valet.
- Veljaren kan ikkje stemme på nytt på valdagen.
- Veljaren skal berre velje ei liste ved kvart av vala. Det er laga blank stemmesetel som kan brukast til å stemme blankt.
- Veljaren kan, men må ikkje gjere endringar. Instruksjon om dette står på setelen.
- Stemmesetelen skal brettast ein gong.

Mottak av stemme

1. Gjer veljaren kjend med reglane for stemmegiving, og at veljaren ikkje kan stemme ved valtinget viss vedkomande har førehandsstemt.
2. Vis veljaren inn i avlukket.
3. Be om legitimasjon og kontroller denne.
4. Stemple stemmesetelen/stemmesetlane.
5. Be veljaren leggje stemmesetlane i kvar sin **stemmesetelkonvolutt** og lime igjen. Val til sokneråd og bispedømeråd/Kyrkjemøtet skal i kvar sin konvolutt (kvit for soknerådsva og farga for val av leke til bispedømeråd og Kyrkjemøtet).


6. Legg stemmesetelkonvoluttane i ein **omslagskonvolutt**. Veljaren skal sjølv skrive namn, fødselsdato og manntalsregistert adresse på omslagskonvolutten .
7. Valfunksjonæren signerer på omslagskonvolutten og skriv dato, tid og stad for stemmegivinga.
8. Omslagskonvolutten blir lagd i ei **valurne**.
9. Valfunksjonær fører opp førehandsstemminga i Skjema 7.9.3: Liste over mottekne førehandsstemmer – eige sokn (vedlegg til protokollen til valstyret).

Valurne

Det skal brukast valurne ved førehandsstemming. Dette er eit krav. Valurna skal vere forseglå.

Rett til hjelp

Veljarar som på grunn av psykisk eller fysisk funksjonsnedsetjing ikkje kan stemme åleine, kan etter eige ønske få hjelp av ein stemmemottakar eller ein annan person veljaren sjølv peiker ut.



Omslagskonvolutt:

Veljaren skriv namn, fødselsdato og adresse. Valfunksjonær signerer og skriv dato, tid og stad.

